

Arvid Inge Øygard
Hafskorvegen 12
5640 EIKELANDSOSEN

Referanse nr.	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
23/12531	Lene Drageset Lyssand - 56 57 50 00 - post@bjornafjorden.kommune.no		23.02.2023

**Behandling av klage - Vedtak et. forenkla prosess - Områdeplan for Eikelandssosen
122/79**

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

SAK 20/2023, 01.02.2023 Plan-, bygg- og miljøutvalet

Vedtak:

Plan-, bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak 906/2022.

Klagen har ikkje ført fram og saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

Med vennleg helsing

Lene Drageset Lyssand
Rådgjevar planavdelinga

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Behandling av klage - Vedtak et. forenkla prosess - Områdeplan for Eikelandssosen 122/79

Saksbehandlar:
Lene Drageset Lyssand

Arkivkode:
1241201620L13

Arkivsaksnr.:
22/3605

JournalpostID:
23/2568

Saksnr:	Utval:	Dato:
20/2023	Plan-, bygg- og miljøutvalet	01.02.2023

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

Plan-, bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak 906/2022.

Klagen har ikkje ført fram og saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

Bjørnafjorden, den 12.01.2023

Christian Fredrik Fotland
Kommunedirektør

**Behandling og vedtak/uttale i følgjande utval:
PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 01.02.2023**

Behandling:

Marie Hauge ba om å få vurdert sin habilitet grunna slektskap med plankonsulent.

Kommunalsjef Lunde redegjorde for vurderinga gjort av administrasjonen, særleg knytt til § 6, 2. ledd i forvaltningslova, og tilråding om at ho blei vurdert inhabil.

Administrasjonen har ikkje lukkast i å få tak i vararepresentant.

Følgande hadde ordet til habilitetsvurderinga: Nøttseter, Bahus, Lindborg, Boge.

Hauge blei samrøystes vurdert inhabil. Hauge fråtrådde. Sakshandsaminga holdt fram med 8 representantar.

Følgande hadde ordet til saka: Bahus, Boge, Døsen, Sem-Onarheim, Nøttseter, Sem-Onarheim, Nøttseter, Lindborg,

Saka har fått feil gards- og bruksnummer. Rett skal vere 122/79.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Plan-, bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak 906/2022.

Klagen har ikkje ført fram og saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

Samandrag:

Saka gjeld klage på vedtak i høve endring av områdeplan for Eikelandssosen etter forenkla prosess.

Planen vart revidert den 28.09.2022, saksnummer 22/3605. Endringa gjeld endring av arealføremål friområde til næring. Endringa vart kunngjort 29.09.2022 med klagefrist 20.10.2022. Det har kome inn ein klage på vedtaket. Klagen kjem samla frå naboar Johanna og Magne Sværen (gbnr. 122/90), Monica og Trond Nilsen (gbnr. 122/93) og Tone Ramsli (gbnr.122/21).

Planområdet er lokalisert oml.1 kilometer frå Eikelandssosen sentrum og er på ca. 2,7 km². Føremålet med planen er å legge til rette for ei føreseieleg og berekraftig samfunnsutvikling for planområdet fram mot 2040.

Klagen gjeld manglande nabovarsel til klagarane og støyulempe.

Plan-, bygg og miljøutvalet kan stadfeste, gjere om, eller oppheve vedtaket i saka, jf. fvl. § 33.

Dersom utvalet stadfestar vedtaket, skal saka vidare til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Utvalet kan oppheve vedtaket dersom dei finn at det er feil ved saksbehandlinga som kan ha virka inn på vedtaket, og som ikkje lar seg rette ved klagebehandlinga. Desse må i så fall rettast før det kan gjerast eit nytt vedtak. Det kan til dømes vere at utvalet meiner saka ikkje er godt nok opplyst, at prosesskrava i plan- og bygningslova ikkje er fulgt, eller at vedtaket er gjort av feil mynde. Saka må då handsamast på nytt, med eit nytt vedtak som partane kan klage på.

Dersom utvalet kjem fram til at vedtaket bør endrast er dette eit nytt vedtak som kan klagast på.

Administrasjonen vurderer at klagen gjeld forhold som ikkje har betydning for vedtaket.

Planen har reglar for støyforureining og vedtaket endra ikkje desse føresegnene.

Kommunedirektøren rår til å stadfeste vedtaket.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Det kan kome krav om saksomkostningar dersom vedtaket vert omgjort.

Klagebehandlingen har likevel ikkje direkte økonomisk konsekvens.

Klima: Dette er ei klagesak. Difor har vedtaket ingen direkte konsekvens.

Folkehelse: Dette er ei klagesak. Difor har vedtaket ingen direkte konsekvens.

Saksframlegg:**1. Saksopplysningar**

Saka gjeld klage på vedtak i høve endring av områdeplan for Eikelandsosen etter forenkla prosess. Bjørnafjorden kommunestyre vedtok Områdeplan for

Eikelandsosen den 18.02.2020, sak 06/2020, Planid: 1241201607.

Klagarar er eigarar av private bustader i bustadfelt som grensar til næringsområdet.

Endringa blei kunngjort 29.09.2022 med klagefrist 20.10.2022. Det har kome inn ein klage på vedtaket. Klagen kjem samla frå naboar Johanna og Magne Sværen (gbnr. 122/90), Monica og Trond Nilsen (gbnr. 122/93) og Tone Ramsli (gbnr.122/21).

Klagarane har merknad til at dei ikkje har motteke varsel om endringa og ber om ny handsaming av saka. I tillegg har dei merknad i høve sjenerande støy.

Klagarane har klagerett på administrasjonen sitt vedtak. Klagarane har også rett i at dei burde ha blitt varsla då endringa vart lagt ut på høyring. Tiltakshavar varsla endringa ovanfor næringsverksemdar som direkte grensar til tomta. Administrasjonen ser at klagarane har rett i at dei burde ha blitt varsla ved at nabovarselet burde ha blitt utvida til å omfatta øvrige partar også, deriblant klagarane. Spørsmålet er om det ville fått betydning for vedtaket om merkanden hadde komt inn på dette tidspunkte. Administrasjonen si vurdering og konklusjon er at vedtaket likevel ville blitt oppretthaldt, jf. pbl. § 41.


2. Politisk behandling i utvalet

Utvalet kan oppheve vedtaket dersom dei finn at det er feil ved saksbehandlinga som kan ha virka inn på vedtaket, og som ikkje lar seg rette ved klagebehandlinga. Desse må i så fall rettast før det kan gjerast eit nytt vedtak. Dette kan til dømes vere at utvalet meiner saka ikkje er godt nok opplyst, at prosesskrava i plan- og bygningsloven ikkje er følgt, eller at vedtaket er gjort av feil myndigheit. Saka må då handsamast på nytt, med eit nytt vedtak som partane kan klage på.


Dersom vedtaket blir stadfesta skal saka sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming, jf. plan- og bygningslova § 1-9, 5. ledd, og rundskriv T-1442/2021 Retningslinje for Behandling av støy i arealplanlegging.

3. Sakshistorikk:

Planområdet er lokalisert i Eikelandsosen, aust for Eikelandsosen sentrum, og er på ca. 2,7 km². Føremålet med planen er å legge til rette for ei føreseieleg og berekraftig samfunnsutvikling for planområdet fram mot 2040.



Figur 1. Oversiktskart over planområdet sin lokasjon i Bjørnafjorden kommune
Opprinneleg plankart:



Figur 2. Biletet ovanfor viser næringsområdet til høgre, og buffersone og bustadfelt til venstre. Klagarane er eigarar av bustadene nr. 18, 20 og 21 til venstre.
Eksisterande plankart:



Figur 3. Biletet ovanfor viser føremålsendring frå grøntområde til næring for areal i sør.

4. Grunngeving for klage og vurdering av desse

Klagarane angir i klagen at den gjeld følgande punkt:

1. Saksbehandlingsfeil i forhold til at dei ikkje har fått nabovarsel. Krev på bakgrunn av dette at saka blir handsama på ny.

2. Sjenerande støy.

1. På spørsmål om det føreligg sakshandsamingsfeil må det vurderast om det er varslingsplikt utover dei som har blitt varsla når endringa vart sendt ut på høyring og om ein ev. saksbehandlingsfeil ville hatt betydning for utfallet i saka. Tiltakshavar varsla endringa ovanfor næringsverksemdar som direkte grensar til tomta. Då administrasjonen sendte ut vedtaket valgte administrasjonen derimot å inkludere øvrige partar, deriblant nemde klagarar, som burde ha fått nabovarselet ettersom endringa berører deira interesser, jf. plan- og bygningslova § 12-14, 3. ledd. Naboane fekk dermed høve til å klage på administrasjonen sitt vedtak i saka. Dette vart gjort innan klagefristen. Spørsmålet er om feilen knytt til at dei ikkje fekk nabovarselet og høve til å uttale seg før vedtaket vart fatta, har verka inn på innhaldet i dette vedtaket.

2. Det er ikkje klaga på endring i arealføremål frå friområde til næring. Klagarane er samde i at det omsøkte området har liten verdi som grøntområde.

Klagarane skriv at dei klagar på støy som følge av verksemd på arealet. Planendringa er gjort for å legge til rette for utviding av eksisterande verksemd på tilgrensande næringsareal. Avgrensinga av formåla synast å vere grunngeving i eigedomsgrensar ved regulering. Det tilgrensande grøntområdet har ingen nemneverdig verdi som grøntareal. Klagarane visar til reguleringsføresegner, datert 07.02.96, frå tidlegare plan. Denne er erstatta av føresegna i områdeplan for Eikelandssosen, planid 1241201607, vedteken 18.02.2020. Områdeplanen stiller krav til kvalitet og støy på utomhusareal:

"§ 2.1.4.2 Privat uteopphaldsareal kan løysast som terrasse/balkong for kvar einskild bustad, eller som privat uteareal på bakkeplan. Privat uteareal skal ha tilfredsstillande støynivå ihht. støyretningsline T-1442 § 2.1.4.3 Minste uteopphaldsareal (MUA) skal løysast innanfor byggeområdet og kan omfatte felles gatetun, plassar og areal rundt planlagde bygg. Arealet kan også ligge oppå underliggende parkeringsdekke. Inntil 15% av uteopphaldsareal kan

ligge på takterrasse. Minste uteopphaldsareal skal ha følgjande kvalitetar: • Areala skal ha tilfredsstillande støynivå ihht. støyretningsline T-1442 • Areal brattare enn 1:3 skal ikkje reknast med i krav til MUA • Det skal leggjast vekt på at uteareala tilfører fellesskapet ein kvalitet som knyt bustadområdet saman på ein heilskapleg måte."

Områdeplanen har ikkje særlege støykrav til næringsområda som ligger tettast på klagarane sine eigdomer da desse vart vedtatt i 2020. Planen ble til etter ein lengre planprosess med medverking og vurdering av dei ulike interessane i planområdet. Kvalitet på utomhusareal i bustadområdet er vurdert å vere tilstrekkeleg ivaretatt gjennom krava som gjeld for desse. Føresegna vil gjelde for nye tiltak, og planen synast å stille tilstrekkeleg funksjonskrav for bustadane i områdeplanen og gi tolegrense for støyforureining på utomhusareal til bustad. Kva areal som evt. må støyskjermast som del av byggemelding av nye tiltak på industriområdet er ikkje nemnt konkret, men løysingane må sikre tilfredsstillande støynivå på utomhusareal ihht planen. Administrasjonen kan såleis ikkje sjå at merkanden ville ført til eit endra utfall i gjeldande sak.

Konsekvens av den konkrete utvidinga av verksemden, dersom denne er støyande, vil måtte vurderast ved søknad om løyve etter plan- og bygningsloven og evt. avbøtande tiltak som måtte vere naudsynt for å tilfredstille krav til MUA i planen må vurderast som ein del av denne prosessen.

Planendringa har ikkje noko betydning for ev. støyulempe frå eksisterande verksamd. Ved utviding av støyande verksemd har gjedande plan føresegner som gir kvalitetskrav på utomhusareal hos bustader i planområdet. Kva som er riktig avbøtande tiltak er ein konkret vurdering, men ytelseskrava er gitt i områdeplanen. Desse vert ikkje endra som følgje avendringa av grønstruktur til næring.

Kommunedirektøren vurderer at det meknad om støy ikkje ville verka inn på innhaldet i planen.

5. Konklusjon

Administrasjonen har vurdert det slik at det ikkje har hatt bestemmande verknad på vedtaket sitt innhald at klagarane ikkje fekk nabovarsel då endringa vart sendt ut på høyring. Etter forvaltningslova § 41 har det ikkje hatt praktisk betydning for det endelege vedtaket, datert 28.09.2022. Det har ikkje kome fram opplysningar i klagen som kunne ha hatt verknad på vedtaket fatta av administrasjonen. Manglande varsling er reparert gjennom klagehandsaminga. Vurderinga av om det føreligg sjenerande støy er vurdert utifrå saklege og planfaglege omsyn som kommunen har høve til å legge vekt på i si vurdering. Administrasjonen rår til å legge vekt på at endring frå grønstruktur til næring i seg sjølv ikkje fører til støyulempe for naboar og at ein støyulempe må vurderast i samband med byggemelding. Planen stiller krav som skal ivareta omsynet til bukvalitet i desse sakene. Plan-, bygg- og miljøutvalet kan oppretthalde vedtaket og sende det til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.

Bjørnafjorden, den 12.01.2023
Lene Drageset Lyssand
Rådgjevar planavdelinga